

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 05.06.2023
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Munthe
SAKA GJELD: Oppfølging av internrevisjonen sin rapport om tvang i psykisk helsevern

ARKIVSAK: 2021/1006
STYRESAK: 062/23

STYREMØTE: 14.06.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Bakgrunnen for revisjonen var at det i 2014 blei gjennomført ein revisjon av same tema, som viste at det låg føre klare manglar når det gjaldt å sikre korrekt rapportering av omfanget av tvangsbruk, og at det var systematiske forskjellar mellom føretak og mellom institusjonar når det gjaldt tvangsbruk. Målsettinga med revisjonen som blei gjennomført i 2021 var å få ein oppdatert status på forholda.

Føremålet med internrevisjonen var å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at bruken av tvang er i samsvar med regelverk, samt med eksterne og interne retningslinjer.

Hovudkonklusjonen var at sidan 2014 har det blitt arbeidd med betre registrering og rett bruk av tvang både regionalt og i alle føretaka, som etter internrevisjonen si vurdering har gitt gode resultat. Det blei likevel peika på eit behov for å arbeide ytterlegare med å sikre rett og lik regeletterleving når det gjeld i kva tilfelle det skal fattast vedtak om tvang. Det var høg merksemd rundt det overordna målet om å redusere tvangsbruken, slik det også var krav om i oppdragsdokument til Helse Vest RHF og styringsdokumenta til føretaka.

Samtidig viste undersøkinga at utviklinga knytt til tvangsbruk varierte og at det fortsatt var potensiale for ytterlegare reduksjon i tvangsbruk. For å klare dette peika internrevisjonen på at det kravde etablering av betre overordna og heilskapleg styring og kontroll med utviklinga av tvangsbruken, både regionalt og i dei enkelte føretaka.

Basert på dette kom internrevisjonen med ti tilrådingar, fem retta mot både RHF-et og føretaka, medan fem var retta mot føretaka åleine.

Styra i RHF-et og HF-a behandla rapporten og handlingsplanar frå administrasjonane i løpet av siste halvdel i 2021 og første kvartal 2022.

I oktober i fjor sendte internrevisjonen ut brev til alle føretak kor vi bad om ei tilbakemelding som beskrev kva som er gjort frå administrasjonen si side innan dei tema rapporten tok opp. Føretaka blei bedd om å sjå til anbefalingane i rapporten, og den handlingsplan som dei hadde lagd fram for sitt styre.

Internrevisjonen hadde oppfølginga av internrevisjonsrapporten oppe i revisjonsutvalet 14. februar 2023, kor revisjonsutvalet bad internrevisjonen om å jobba vidare med oppfølging av resterande punkter før tilbakemeldingane blei framlagt for styret. Dette omfatta mellom anna tvangsrapporten og data frå DIPS Arena, mangel på tilbakemelding frå Helse Stavanger og RHF-et sin avklaring med Helsedirektoratet knytt til kva som er rett praksis når det gjeld pasientar som er tilvist frivillig, og som manglar samtykkekompetanse.

Oppsummering av tilbakemeldingane

Internrevisjonen har fått tilbakemelding på tilrådingane frå RHF-et og HF-a. Det er viktig å presisere at det vart gitt tilrådingar knytt til datakvalitet og rapport om tvang innan psykisk

helsevern. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Ser ein vekk frå tilrådingane knytt til datakvalitet og rapport om tvang har likevel alle føretaka, bortsett frå Helse Bergen, tiltak kor det står att arbeid. Desse blir nemnd i styresaka med administrasjonen sine kommentarar.

Den første tilrådinga er retta mot både RHF-et og HF-a, og handlar om det å konkretisere mål og innsatsfaktorar knytt til tvang, for å legge til rette for målretta arbeid og god oppfølging og vurdering av utviklinga i tvangsbruken. Føretaka skulle her vurdere kva tiltak som er mest relevante både for å redusere og førebyggje tvangsinnleggingar, vedtak om tvang og andre tiltak, knytt til kultur og leiing, samhandling med kommunar (m.a. FACT/ACT), bemanning, kompetanse, rettleiing og fysiske omgjevnader og kapasitet. I sjølve styresaka med administrasjonen sine kommentarar viser RHF-et til regional plan for psykisk helse kor medverknad, val og frivilligheit er ein del av satsingsområda, samt at HF-a har egne tiltaksplanar.

RHF-et skal ha dialog med dei lokaleføretaka for å sikre at dei arbeider vidare med områda som ikkje er handsama tilstrekkeleg. RHF-et vil ha særleg fokus på oppfølging av tiltak 3 (felles rett registrering på tvers av føretak), tiltak 4 (felles rutinar) og 6 (utvide styringsdata og tvangsrapport). RHF-et har per ultimo mai fått beskjed av Helse Vest IKT at tvangsrapporten (data frå DIPS Arena) er klar, noko HF-a har etterspurt. Tal vil ligg føre i neste tertial.

RHF-et sende brev til Helsedirektoratet i februar 2023 om kva som er rett praksis når det gjeld pasientar som er tilvist frivillig, og som manglar samtykkekompetanse, jf. tilråding nr. 2, kor dei fekk svar 24. februar 2023.

Sjå vedlegg 5 for svar frå RHF-et knytt til oppfølginga, kor dei svarar på tilråding 2 og 4.

Konklusjon

Internrevisjonen er delvis nøgd med arbeidet med tilrådingane. Det er framleis arbeid som står att, spesielt med tanke på å nytte seg av data frå DIPS Arena og tvangsrapporten.

Internrevisjonen vil be om ny status på tilrådingane på nyåret, etter at føretaka har fått anledning til å nytte seg av tvangsrapporten i ein periode.

Vedlegg 1:

Oppfølging internrevisjonsrapport – Tvangsbruk i psykisk helsevern – Helse Førde HF

Vedlegg 2:

Oppfølging internrevisjonsrapport – Tvangsbruk i psykisk helsevern – Helse Fonna HF

Vedlegg 3:

Oppfølging internrevisjonsrapport – Tvangsbruk i psykisk helsevern – Helse Bergen HF

Vedlegg 4:

Oppfølging internrevisjonsrapport – Tvangsbruk i psykisk helsevern – Helse Stavanger HF

Vedlegg 5:

Oppfølging internrevisjonsrapport – Tvangsbruk i psykisk helsevern – Helse Vest RHF